



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 02.10.2025
Tid: Kl. 19.30 - 21.00
Ord for dagen: **Olav Oma**

Desse møtte:

Svein Lunde	Leiar
Tom Rydland	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Aase Nøtvedt	Varamedlem
Nils Andreas Brekke	Varamedlem
Olav J.Oma	Sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant

Sakliste:

Vedlegg

1. Budsjettbrev til kommunen
2. Budsjett for 2026
3. Referat frå møte den 18. september

Sak 2025/66 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2025/67 012.1 Referat frå møte den 18. september

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 18.09.2025 utan merknader

Sak 2025/68 Budsjett og økonomiplan for 2026 - 2029

Kommunen sin budsjettprosess er denne hausten lagt opp etter same mal som er brukt dei siste åra. Kommunedirektøren legg fram sitt framlegg i eit ope kommunestyremøte den 23. oktober kl.13.00. Etter dette møtet skal formannskapet og ulike utval i kommunen starta den politiske behandlinga av budsjettet. Formannskapet skal vedta eit budsjett som vert lagt ut til offentleg ettersyn fram til kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett og økonomiplan den 11. desember.

Soknerådet får no høve til å føreslå kva som skal vera kyrkja sitt budsjett for 2026 og søkja kommunen om økonomisk støtte i samsvar med dette. På møte kan kyrkjeverja orientera nærare om det som kjem fram av budsjettbrevet og taldelen av budsjettet. Desse dokumenta er å finna som vedlegg til innkallinga.

Vedtak:

Soknerådet sluttar seg i hovudsak til budsjettbrevet og taldelen av budsjettet slik kyrkjevevja har lagt det fram, men bed om at dette vert lagt inn før det vert sendt vidare til kommunen:

- a) På grunnlag av det som kom fram i møtet må det gjerast nokre mindre redaksjonelle endringar i brevet før det vert sendt til kommunen.
- b) Det vert søkt om kommunalt tilskot på kr. 300.000 til avdelinga for kyrkjeleg undervisning og læring
- c) Investeringssummen for minnelund og muslimske graver vert sett til kr. 900.000, under føresetnad av at kyrkja får behalda resten av løyvinga som var sett av for 2025

Soknerådet ber leiaren avtala møte med politisk leiing i kommunen snarast råd etter at kommunedirektøren har lagt fram sitt budsjettframlegg.

Samrøystes vedteke

Sak 2025/69 Open post

Vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka

Olav orienterte om at det blir vigsling av nytt gravfelt søndag 5.10.2025 Prosten i Sunnhordland og og ordførar i Fitjar skal delta . Forslag om kyrkjekaffi med noko ekstra attåt denne gong. Det blei bestemt å bestilla 2 kaker frå Randi Dalen.

Møtet slutt.